UDI

Utlendingsdirektoratet
Norwegian Directorate
of Immigration

# Arbeidstilbod

Skjemaet skal fyllast ut av arbeidsgivaren (elektronisk eller med blokkbokstavar). Arbeidsgivaren må ha forretningsstad i Noreg og vere registrert i Einingsregisteret. Arbeidsgivaren er ansvarleg for at alle nødvendige opplysningar om arbeidsforholdet er med. Både arbeidsgivaren og arbeidstakaren (søkjaren) skal skrive under på skjemaet. Arbeidsgivaren er bunden av opplysningane i skjemaet sjølv om det blir underteikna av ein fullmektig.

Dersom det ikkje skal etablerast eit tilsetjingsforhold med arbeidstakaren, er det skjemaet “Oppdragstilbod” som skal brukast.

## 1 Opplysninger om arbeidstakaren

| | | |
|---|---|---|
| Etternamn | Fornamn | |
| Mellomnamn | Fødselsdato (dag.månad.år) | Statsborgarskap |

## 2 Opplysningar om arbeidsgivaren

| | |
|---|---|
| Ansvarleg arbeidsgivar (firmanamn) | Organisasjonsnummer |
| Adresse | |
| Postnummer | Poststad |
| Kontaktperson | |
| Telefonnummer | E-post |
| Er bedrifta del av eit internasjonalt selskap (selskap som driv verksemd i minst to land)?<br>☐ Ja ☐ Nei | |
| Er bedrifta eit bemanningsføretak?<br>☐ Ja ☐ Nei | |

## 3 Tilsetjingsforhold og varigheit

| |
|---|
| ☐ Fast tilsetjing, frå:<br>☐ Tidsavgrensa, frå: til: Varigheit: |
| Skal arbeidstakaren leigast ut?<br>☐ Ja ☐ Nei |
| Skal arbeidstakaren arbeide i Noreg i heile perioden arbeidstilbodet gjeld?<br>☐ Ja<br>☐ Nei Arbeidstakaren skal ikkje arbeide i Noreg frå: til: |

## 4 Opplysningar om arbeidstilbodet

Stillingsnemning (både på norsk og engelsk)

Detaljert beskriving av arbeidsoppgåvene

Er det krav om autorisasjon eller godkjenning frå norsk fagmyndigheit for å kunne utføre arbeidsoppgåvene?

☐ Ja Søkjaren må leggje ved godkjenninga.

☐ Nei

Kva formelle kvalifikasjonar krev verksemda for stillinga?

☐ Ingen

☐ Arbeidserfaring, kva slags?:

☐ Yrkesretta utdanning (på vidaregåande skule-nivå), kva slags?:

☐ Høgare utdanning, kva slags?:

☐ Annan type kompetanse, kva slags?:

På kva nivå?:

Kvifor?:

Kva formell kompetanse har arbeidstakaren?

Nivå:

Varigheit:

Fagretning:

Originale attestar og eksamenspapir, og ei omsetjing av desse til norsk eller engelsk, må visast fram når søknaden om opphaldsløyve blir levert inn.

For sesongarbeid utanom land- og skogbruk og for ufaglært arbeidskraft frå Barentsregionen:
Er det innhenta uttale frå NAV?

☐ Ja Søkjaren må leggje ved uttalen.

☐ Nei

## 5 Lønns- og arbeidsvilkår

Ligg det føre tariffavtale eller regulativ for bransjen?

☐ Ja Kva for avtale/regulativ? (namn, inngått mellom):

Du må leggje ved ein kopi av første side av avtalen og sida med den aktuelle tariffsatsen. Marker satsen som arbeidstakaren får tilbod om.

☐ Nei

Arbeidsgivaren må dokumentere at lønna arbeidstakaren får tilbod om, er normal for vedkommande stad og yrke, for eksempel i form av lønnsstatistikk frå eit bransjeorgan. Alternativt kan arbeidstakaren lønnast etter Statens lønnsregulativ dersom stillinga krev minimum bachelorgrad (lønnstrinn 42) eller minimum mastergrad (lønnstrinn 47).

Som lønn reknar ein vederlag i pengar for utført arbeid. Dekning av utgifter og andre ytingar, for eksempel fri bustad, kan ikkje takast med i dette beløpet.

Lønn (brutto i NOK) utbetalt av arbeidsgivaren i Noreg: per time

UDI vil ved behov berekne månads- og årslønn etter tabellen under. Dersom arbeidsgivaren bruker ei anna utrekning, må det spesifiserast og dokumenterast at det er i samsvar med tariff, regulativ eller det som er normalt for vedkommande stad og yrke.

| | | | |
|---|---|---|---|
| timar per veke | 35,5 | 37,5 | 40 |
| timar per dag | 7,1 | 7,5 | 8 |
| timar per månad | 153,8 | 162,5 | 173,3 |
| timar per år | 1 846 | 1 950 | 2 080 |

Ekstravakter og liknande blir ikkje rekna som garantert arbeidstid, og kan ikkje takast med her.

Garantert arbeidstid: timar per veke, som svarar til ein stillingsprosent på:

Dersom arbeidstida fråvik alminneleg arbeidstid, må du spesifisere kva overtidsordning som gjeld. Du må også leggje ved ei stadfesting på at dette er i samsvar med arbeidsmiljølova (om nødvendig frå Arbeidstil-synet).

For bemanningsbedrifter:

Ligg det føre eitt/fleire konkret(e) oppdrag?

☐ Ja Arbeidsstad:

Stillingsnemning:

Varigheit:

Søkjaren må leggje ved stadfesting frå oppdragsgivaren.

☐ Nei

## 6 Informasjon til arbeidsgivaren

Dersom arbeidsgivaren forsettleg eller ved grov aktløyse gir vesentleg uriktige eller openbert villeiande opplysningar i ei sak etter utlendingslova, kan det straffast med bot eller fengsel i inntil 6 månader, eller med begge delar (sjå utlendingslova § 108 andre ledd bokstav c).

Dersom arbeidsgivaren grovt eller fleire gonger bryt reglane i utlendingslova som skal verne om lønns- eller arbeidsvilkåra til utanlandske arbeidstakarar, kan Utlendingsdirektoratet gjere vedtak om karantene, som inneber at vi ikkje vil gi opphaldsløyve for å arbeide for arbeidsgivaren (sjå utlendingslova § 27 femte ledd).

Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljølova) gjeld også for utanlandske arbeids-takarar.

## 7 Underskrift

Dersom ikkje begge partane har skrive under, kan det føre til at vi avslår søknaden om opphaldsløyve.
Eg stadfestar at opplysningane er korrekte og fullstendige.

| | |
|---|---|
| Stad og dato | Underskrift og stempel frå arbeidsgivaren |
| Stad og dato | Underskrift av arbeidstakaren |